

Eirik Trovåg Bjørneset

## Skulda for skuleskyting

Marilyn Mansons rolle i dramaet ved Columbine High School

Bacheloroppgåve i Musikkvitenskap

Veileder: Thomas Hilder og Ståle Kleiberg

Juni 2020



Eirik Trovåg Bjørneset

## **Skulda for skuleskyting**

Marilyn Mansons rolle i dramaet ved Columbine High School

Bacheloroppgåve i Musikkvitenskap  
Veileder: Thomas Hilder og Ståle Kleiberg  
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for musikk



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd



## Forord

Bacheloroppgåva har tatt føre seg eit område eg har hatt interesse for. Dette er eit viktig tema som tek opp ulike diskusjonar i forhold til artistar sitt ansvar for eigen kunst, men også deira fridom til ytring. Det er fleire år sida skytinga på Columbine High School skjedde, og det er ikkje noko eg hugsar, men eg kan hugse å ha sett Marilyn Mansons musikkvideoar på TV og reagert på uttrykket hans. Trass dette har oppgåva gjeve meg eit djupare innsyn i musikken til artisten og etter timar med lytting har eg skjønnt kvifor somme var og er tilhengarar av musikken.

Innleiingsvis ynskjer eg å takke Thomas Richard Hilder og Ståle Kleiberg for rettleiing. Eg ynskjer også å takke mi mor, samt mine medstudentar for eit gjensidig samarbeid.

## Abstract

This thesis explores Marilyn Manson's connection to the Columbine High School shooting executed by the two senior students Eric Harris and Dylan Klebold in 1999, guided by the following research question: Can Marilyn Manson's music and its message be the causing of a mass murder? This will be researched with the underlying focus on how direct the message of the music is, the artist's responsibility of its own art and others' interpretation and/or the usage of it, and how to handle the music if it has an influence on the school massacre.

Through qualitative study of the history of the artist and the shooting combined with general theory around the subject and elaboration of different factors, the information will build up to a part of discussion which will result in the conclusion of the research question. Music and violence, music and crime, censorship, genre, music emotion, and gun laws are central factors that are being discussed. Music and lyrics by Marilyn Manson are important sources for the understanding of the artist's viewpoint, which will be a decisive.

Findings in the study show that the connection between Marilyn Manson and the Columbine High School shooting is done with few and weak premises, and the blaming of the artist was a result of the storming public attention to the event. The music and lyrics are not idealizing mass murder directly. If censorship were to be taken to a higher degree, it would be a matter of banning of music, which in this case would be a violation of the freedom of speech.

## Samandrag

I denne oppgåva blir det undersøkt korleis Marilyn Manson vart kopla til skuleskytinga ved Columbine High School, utført av dei to senior-elevane Eric Harris og Dylan Klebold i 1999, dette ved å arbeide ut ifrå problemstillinga: Kan ein skulde på Marilyn Mansons musikk og budskapen i den for å ha forårsaka eit masse mord? Dette vert undersøkt med eit fokus på kor direkte budskapen i musikken er, kva ansvar ein artist har for andre si tolking og/eller nytting av deira verk og korleis ein skulle handtert musikken dersom den har hatt innflytelse over handlinga.

Ei kvalitativ undersøking av historia til artisten og hendinga, i samband med anna fagleg teori og utgreiing om ulike faktorar, har bygd opp til ei drøfting som til slutt skal vere avgjerande for ein konklusjon på problemstillinga. Musikk og vald og kriminalitet innan musikk, samt sensur, sjangertrekk, følelsen av musikk, og våpenlover i USA, er faktorar som vert diskuterte. Musikk og tekst gitt ut av artisten er også sentralt for tolking av Marilyn Mansons ytringar og syn, noko som òg vert avgjerande.

Funna i denne undersøkinga har vist at Marilyn Manson er kopla til hendinga på eit tynt grunnlag, og at skulda artisten fekk var eit resultat av oppspinnnet rundt saka. Musikk og tekst peikar heller ikkje direkte til ei slik valdshandling. Dersom ein skulle sensurere musikken, ville det ha vore nærare eit musikkforbod, og undertrykking av ytringsfridom.

## Innhald

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Problemstilling .....	1
1.2 Avgrensing.....	2
1.3 Bakgrunn for val av tema .....	2
1.4 Design .....	2
<b>2. Metode.....</b>	<b>3</b>
2.1 Bruk av kjelder.....	3
2.2 Val av kjelder.....	3
<b>3. Teori.....</b>	<b>6</b>
3.1 Musikk og vald.....	6
3.2 Sjokk-rockens opphav.....	6
3.3 Goth .....	7
3.4 Marilyn Mansons veg til frægd.....	8
3.5 Dei tidlegaste albuma.....	9
3.6 Skuleskytinga på Columbine High School.....	10
3.7 Folket som peikar fingrar.....	11
<b>4. Drøfting.....</b>	<b>12</b>
4.1 Marilyn Mansons kommentarar.....	12
4.2 Identitet gjennom musikk.....	14
4.3 Kriminalitet i musikk.....	15
4.4 Sensur.....	16
4.5 Kvifor høyre på Marilyn Manson? .....	19
4.6 Følelsen av musikk.....	20
4.7 Våpenlover i USA.....	21
4.8 Oppsummering.....	22
<b>5. Konklusjon .....</b>	<b>25</b>
<b>6. Kjeldeliste.....</b>	<b>26</b>



# 1. Innleiing

Musikk er på fleire måtar noko som ein kan identifisere seg med. Den kan gi ei tilhøyrsla og eit uttrykk, og er med på å representere ein personlegdom. Når ein finn ein type musikk ein identifiserer seg med, er det naturleg å føle seg som ein del av eit samfunn der ein har felles interesser. I musikksgjangrar følgjer det ofte med ein spesifikk måte å kle seg, uttrykke seg og oppføre seg på, noko som er med på å skape denne identiteten og dermed tilhøyrsla.

Kva skjer når ein identifiserer seg med hard rockemusikk som ytrar kontroversielle meiningar? Kan dette føre til at nokon gjer valdelege handlingar? Det var det mange meinte då Eric Harris og Dylan Klebold utførte gjerninga som prega USA sterkt i 1999. Marilyn Manson, rockebandet og frontfiguren kjend for sine kontroversielle handlingar og tekstar, samt sin aggressive og harde musikk, fekk mykje av skulda for at desse gutane hadde utført skytinga ved Columbine High School.

## 1.1 Problemstilling

I samband med dette temaet eg har eg valt følgjande problemstilling:

**Kan ein skulde på Marilyn Mansons musikk og budskapet i den for å ha forårsaka eit masse mord?**

Som eit supplement til problemstillinga stillast nokre tilleggsspørsmål, noko som vil vere nyttig for å skape eit breiare perspektiv som grunnlag for ein konklusjon. Desse spørsmåla er:

- Kor direkte er budskapet i musikken som påstått skal ha påverka gjerningsmennene?
- Kva ansvar har artisten for korleis andre tolkar og/eller nyttar deira verk?
- Korleis skulle ein ha handtert musikken dersom den har hatt innflytelse over denne handlinga?

Spørsmåla meiner eg er særst relevante til problemstillinga, og konklusjonen eg kjem til vil også ta føre seg desse. Dette er ei problemstilling og spørsmål eg meiner kan vere relevant til mykje anna forskning innan musikk og vald, samt innan diskusjonen om sensur.

## 1.2 Avgrensing

Bacheloroppgåva er delt opp i kapittel som tek føre seg forskjellige aspekt, noko eg har gjort for å kunne fokusere på det som er mest relevant i samband med problemstillinga mi. Det har ikkje vore like enkelt å finne relevant teori om psykologi bak valdeleg musikk, noko som har avgrensa kjeldebruken innan dette området slik eg ikkje hadde føresett.

Dei manglande bevisa på at gutane utførte skytinga faktisk var tilhengarar av Marilyn Manson var også ei avgrensing for korleis ein skulle vurdere relevansen mellom musikk og handling. Oppgåva er mykje basert på at Marilyn Manson var ei faktisk interesse for gutane, men dette på eit tynt grunnlag, noko som vert nemnt seinare i oppgåva.

## 1.3 Bakgrunn for val av tema

Då eg vurderte kva eg skulle skrive oppgåve om var eg inne på temaet «musikk og kriminalitet», noko eg hadde studert ei stund før i diverse fag innan musikkvitskap. I boka *The Social History of Crime and Punishment* fann eg artikkelen skrive av Robin D. Jackson som først introduserte meg for Marilyn Manson si tilknytning til skuleskytingar,<sup>1</sup> der skytinga på Columbine High School var den tidlegaste og største saka. Djupare innsikt innan dette temaet fekk eg då eg like etter såg dokumentaren *Bowling for Columbine* regissert av Michael Moore, der han framstiller og problematiserer skuleskytinga, og kva som skjedde før og etter. Dokumentaren viser også fokuset rundt Marilyn Manson, og artisten er med i eit kort intervju gjort av regissøren sjølv. Det var der eg først fekk intrykket av at frontfiguren var ein som kunne formulere seg godt, samt forsvare seg sjølv på ein respektabel måte.

## 1.4 Design

Oppgåva mi startar med ein metodedel med kjelder eg har brukt, og grunnar til at eg har valt dei kjeldene som er oppført. Vidare i ein teoridel vil eg vise til eit meir generelt grunnlag innan musikk og vald, det eg vil kategorisere temaet mitt under, med dømer frå fagtekstar. Historiske hendingar er det oppgåva mi er bygd på, derfor vil eg ta føre meg Marilyn Manson og korleis frontfiguren og bandet vaks fram til popularitet. Deretter vil eg ta føre meg ulike faktorar som er sentralt for saka i ei drøfting. Sensur blir avgjerande i diskusjonen om korleis ein handterer musikken i samband med denne handlinga. Til slutt kjem eg med ein

---

<sup>1</sup> Jackson, 2012

oppsummerande diskusjonsdel der eg tek føre meg dei forskjellige opplysningane eg har funne og gjer opp nokre punkt som skal vere avgjerande for konklusjonen.

## 2. Metode

### 2.1 Bruk av kjelder

I dette kapitlet skal eg ta føre meg dei ulike kjeldene eg har brukt for å kome til konklusjonen som svarar på problemstillinga mi. Eg vil vidare kommentere kvifor har eg brukt dei ulike kjeldene i teksten, og korleis eg har brukt desse til å grunngi mitt endelege resultat. Eit særskildt tema med ulike kjelder har gjort at eg har måtta vere selektiv i høve til kva eg vurderer som brukelege kjelder.

Som faglitteratur har eg brukt *Din musikalske kapital* og *Dark Side of the Tune* som hovudkjelder. Desse tekstane er essensielle for å kunne analysere dei historiske kjeldene. Temaet i denne oppgåva er særskildt omdiskutert, noko som har gjort at bøker har blitt skrivne om det, sjølv om mykje av dette aldri har kome med ein endeleg konklusjon rundt Marilyn Mansons tilknytning og skuld i skytinga. Blant anna finn ein boka *Comprehending Columbine*, som eg har brukt i denne oppgåva. Marilyn Manson har også skrivne sjølvbiografiar som *The Long Hard Road Out of Hell*, saman med Neil Strauss, og han har gjort diverse intervju i høve hendinga, nokre kommentarar skrivne av artisten sjølv. Ulike kjelder om sensur og diskusjon rundt det har også vore sentralt for oppgåva, blant anna opphavet til «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merket.

Lyttedøme har også vore sentralt i forskinga. Marilyn Manson utgav tre originale studioalbum før skytinga fann stad, og har gitt ut fleire album etter hendinga. Sjangertrekk, kultur rundt sjanger, musikk og lyrikk har vore kjelder for forskning på og forståing av bandet, frontfiguren og musikkens opphav og blomstring, samt negative sider.

### 2.2 Val av kjelder

Kjeldene er blitt valde med ulikt grunnlag. Intensjonen var å finne fleire innfallsvinklar og argument om kva som peikar for at musikk med valdeleg preg kan utløyse valdelege handlingar, samt kva som kan motsei dette. Då eg skulle byrje å bygge grunnkunnskap om temaet var det naturleg å finne litteratur om dei to faktorane; skytinga og artisten.

Faglitteratur har vore eit grunnleggande element i teksten. Mykje av grunnlaget har eg fått gjennom tidlegare undersøking innan temaet «musikk og vald», då eg såg på negative sider musikken i nokre tilfelle kan ha. Dette er eit tema eg tek føre meg under i neste kapittel. Nokre kjelder innan musikk og vald er meir knytte til denne spesifikke problemstillinga enn andre, derfor valde eg ut nokre få. Nora Bilalovic Kulset, som har doktorgrad innan musikkvitskap, har skriva *Din musikalske kapital*, ei bok som også har gjeve eit grunnlag i forskinga mi. *Dark Side of the Tune* er ei faglitterær bok eg har brukt for å få innsikt i korleis eg kan vurdere musikken og teksten som motivasjon. I denne boka fekk eg også eit større overblikk over generell forskning på musikk og vald.

Historiske hendingar har vore sentralt for grunnlaget for forskinga. Bøkene og artiklane om skuleskytinga og om Marilyn Manson har vore avgjerande kjelder for naudsynt bakgrunnsinformasjon for å kunne drøfte problemstillinga. Fakta henta ut ifrå hendinga har blitt sett opp imot musikk, tekst og den psykiske påverknaden kunsten kan ha hatt for å inspirere ei slik handling, noko som gjer at ein må sjå på Marilyn Manson sine verk for å få forståing kvifor og korleis denne utpeikinga har funne stad. *Comprehending Columbine* er ei bok som tek føre seg sider ved det amerikanske samfunnet, skuleskytinga og bakgrunnen til gjerningsmennene, noko som gjorde denne kjelda meir valid enn ein del meir subjektive tekstar. Omfanget av informasjon i denne boka gjorde at eg fann det eg trengde som historisk bakgrunnskunnskap til diskusjon. Boka er skriva av Ralph Wild Larkin og utgitt i 2007, og den har større reliabilitet enn diverse artiklar, ofte subjektive, har vist seg å ha.

Direkte kjelder frå Marilyn Manson har vore eit fokus, dette mykje for å unngå fortolking av diverse ytringar av artisten, noko eg har gjort medvite for å styrke reliabiliteten til diskusjonen. Utgivingar av tekstar og musikk i artistens eige namn har vore utvalde med intensjon om å finne høgast mulig grad av validitet, derfor har dei artiklane med artisten sjølv som forfattar vore særskild aktuelle. I samband med hendinga fann eg blant anna ein artikkel i magasinet *Rolling Stone* der artisten står sjølv som forfattar, derfor vurderer eg dette som ei truverdig kjelde. Artiklar som for eksempel intervjuet i *Billboard* av Colin Stutz har eg også vurdert som truverdig, då den inneheld direkte sitat.

Lytting til musikk og tekst har vore sentralt for å forstå påverknaden og kommentarar den kan ha hatt. Dei tre originale studioalbuma utgitt før hendinga i 1999 har vore meir sentral for

forståinga av påverknaden den kan ha hatt på gjerningsmennene, medan musikken som er gitt ut i etterkant har vore kjelder til artistens kommentarar til hendinga. Utgangspunkt i original musikk frå artisten og ekskludering av for eksempel cover-album, har vore gjort mest for å fokusere på artisten sine eigne ytringar. Då eg sette i gang med forskinga byrja eg samstundes å høyre gjennom all musikk utgitt av Marilyn Manson i kronologisk rekkefølge, dette fordi eg før dette hadde høyrd berre nokre få songar av artisten, og for å få eit betre innsyn i kvar samankoplinga mellom musikk og handling kom ifrå. Eg noterte også ned songar og utdrag frå tekstar eg syntest var sterkast kopla til problemstillinga mi.

Kulturen rundt Marilyn Manson og hans musikk har vore essensiell for tolkinga av musikken, og bøker som *Goth's Dark Empire*, skrive av Carol Siegel, var sentral for dette. Ein annan grunn til at dette var eit fokus var forståinga av trekka som gjorde at gjerningsmennene vart kategoriserte som tilhengarar av denne kulturen av media og folket.

I diskusjon om sensur var det naturleg å ta opp tidlegare debattar om sensur, der opplysningar om «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merket var eit aktuelt tema, derfor fann eg det eg vurderte som dei mest oversiktlege og dekkande kjeldene eg kunne finne om dette. Andre døme på sensur i ei meir alvorleg grad vart også med på å avgjere mi forskning om dette temaet i denne samanheng.

I drøftinga har eg tatt føre meg alle faktorar som er lagt fram i oppgåva for å kome til ein endeleg konklusjon. På førehand hadde eg ikkje gjort opp noko meining om temaet, og då eg starta undersøkinga var intensjonen å ikkje halde tilbake moglege svar. Marilyn Manson er ikkje noko eg er tilhengar av sjølv, difor har å setje bandet og frontfiguren i eit dårlegare eller betre lys har ikkje vore eit behov. Tekstar, faglitteratur og historisk bakgrunn har vore verktøy for at oppgåva skulle kome til ein konklusjon.

Om min konklusjon i denne oppgåva kan relaterast til andre liknande oppgåver, og at temaet kan generaliserast er vanskelig å seie. I forhold til dei litterære kjeldene eg har brukt har dei etiske vurderingane vore knytt til tolking, analyse og drøfting. Temaet «musikk og vald» er innanfor eit felt som har vore forska mykje på, men også har behov for meir forskning. Musikk og vald er sterkt knytt saman, også i populærkultur, og om musikk kan ha ein negativ påverknad er det viktig å kunne utpeike kva faktorar som utløyser dette.

## 3. Teori

### 3.1 Musikk og vald

Eit veldig breitt felt innan musikken kan gå under kategorien «musikk og vald». Ein finn døme i populærmusikken som blant anna N.W.A, den kontroversielle rap-gruppa, med fleire songar med direkte valdeleg innhald i tekst. Det finst tallause like eksempel av valdeleg innhald i musikk. Innan etnomusikologi har også musikk og vald vore eit aktuelt tema. Ofte er temaet knytt til forskning på krig og konflikt, der musikken er forskingsobjektet. Blant anna kan ein rekne forskning på musikk brukt i Noreg etter handlingane 22. juli i 2011 som eit felt innan etnomusikologisk forskning på musikk og vald.

I boka *Dark Side of the Tune* snakkar ein om former for vald i musikk, der ein blant anna har «music and incitement to violence» og «music and arousal to violence», to variantar som vert avgjerande i denne oppgåva. I «music and incitement to violence» Bruce Johnson og Martin Cloonan om å framstille valdelege handlingar, ikkje berre gjennom direkte tekstar, men i somme tilfelle også gjennom ei slags «forteljarstemme» frå artisten si framføring.<sup>2</sup> «Music and arousal to violence» handlar meir om lyttaren si evne til å føle musikken emosjonelt til å utføre valdelege handlingar.<sup>3</sup> Ein alternativ måte å forklare det på er evna til å ytre vald i musikk (incitement), og det å føle vald i musikk (arousal).

Eit anna omgrep som vert sentralt i denne oppgåva er «moral panic»,<sup>4</sup> noko som ofte er ein reaksjon på ytring av vald i innflytelsar. I ei alvorleg hending si hete, som til dømes i ei skuleskyting, har det ofte blitt eit fokus for media og for folket å skulle peike på kva som har utløyst hendinga. Her tek dei føre seg alle moglege faktorar som kan ha hatt innflytelse på dei som har utført gjerninga, men har ein tendens til å henge ut kjelder som mogleg ikkje skulle vore utsette. Dette er noko eg kjem tilbake til seinare i teksten.

### 3.2 Sjokk-rockens opphav

Ein har sett at musikken kan utfordre samfunnets normer på både godt og vondt, kanskje spesielt etter ein fekk populærmusikk som ofte har hatt eit breiare preg; ein livsstil. Rocken er ein av disse sjangrane der identitet og livsstil har vore sentralt. Då rocken begynte å vakse

---

<sup>2</sup> Johnson; Cloonan: s.95

<sup>3</sup> Johnson; Cloonan: s.123

<sup>4</sup> Johnson; Cloonan: s. 112

fram på midten av 1900-talet vaks det fram ein ny ungdomskultur, og det var i stor grad den energifulle og frie ungdommen tekstane og musikken skulle representere. Etter kvart som tida har gått har det vakse fram fleire undersjangerar innan rocken i ulike retningar med ulike særtrekk, der ein blant mange finn «sjokkrock». Den gjevne tittelen til sjangeren seier det meste. Det handlar om at kunsten både i musikk og framføring har ein sjokkfaktor. Seksuelle framstillingar, blod og sjølvskading er nokre av disse faktorane,<sup>5</sup> og Screaming Jay Hawkins er ofte sett på ein av dei tidlegaste innan sjangeren med blant anna den anerkjente «I Put a Spell on You».<sup>6</sup>

Frå Screaming Jay Hawkins til nyare tid har denne sjangeren fått eit breiare felt, og har blitt med inn i seinare harde rockesjangerar. Artisten, med same namn på bandet, Marilyn Manson, har vore ein sentral figur innan sjokkrock, og innan rock generelt. Mansons musikk og karakter har i stor grad vore eit verkemiddel for å utfordre samfunnet når det gjeld sensur, ytringsfridom og moral gjennom hardtslåande, skremmande, aggressiv kunst. Heilt sidan utgivinga av debutalbumet *Portrait of an American Family* i 1994 har Marilyn Manson vore i rampelyset både i negative og positive samanhengar. Med sine ytringar representerte han særleg dei som følte seg uglesett av samfunnet, og dei som ville ta eit moralsk oppgjær med samfunnet.

### 3.3 Goth

Nine Inch Nails og Marilyn Manson var nokre av dei som tok goth, noko ein mogleg kan kalle ein kultur eller samfunn, til nye høgder og til å bli ein del av populærkulturen.<sup>7</sup> 90-talets grunge og punk som tidlegare vart populærgjort, er ein mogleg forløpar til goth, og mange av trekka i sjangrane er like. Aggresjon er ofte ein sentral faktor. Ein kan kanskje seie at punken viser ei meir utagerande form for aggresjon, medan goth viser ei meir innagerande form. Samanlikninga av punk som «aggressiv maskulinitet», og goth som «mørk feminitet» har også blitt gjort,<sup>8</sup> noko som mogleg også kan referere til utagerande og innagerande form for aggresjon. Når ein ser på verk som «The Fight Song» frå *Holy Wood* albumet til Marilyn Manson merkar ein eit grunnlag frå punken, ei anarkistisk haldning til verda og religion, når han syng «I'm not a slave to a God that doesn't exist», og «I'm not a slave to a world that

---

<sup>5</sup> Walker, 1999: s.88

<sup>6</sup> White, 1981

<sup>7</sup> Siegel, 2005: s.51

<sup>8</sup> Siegel, 2005: s.51

doesn't give a shit».<sup>9</sup> Her framandgjer han seg også frå kulturen han har vakse opp og lever i, og tek avstand frå dette for å skape sin eigen kultur for dei som har det likeins.

Goth er ikkje den einaste sjangeren eller kulturen som samlar dei som føler seg framandgjort. Forløparen, punken, viser mykje til politisk ueinigheit og opprør. Musikk som toppar listene i dag inneheld også nokre av same trekka, blant anna Billie Eilish med eit nyskapande kunstuttrykk som har blitt ein del av populærkultur sjølv. Det som gjer goth særlege, særleg frå punken, er eit eige uttrykk for død, mysterium og øydelegging.<sup>10</sup> Det vil mogleg alltid vere ein sjanger, kultur og kunstform for dei som føler seg framandgjort frå normalen, og når ein sjanger døyr ut vil ein annan ta over.

### 3.4 Marilyn Mansons veg til frægd

Sjukepleiaren Barbara og seljaren Hugh A. Warner fekk sin einborne son i 1969 som dei kalla Brian.<sup>11</sup> Brian måtte tidleg gjennomgå medisinske testar ettersom faren var mogleg påverka av eit giftstoff som vart brukt då han var amerikansk soldat i Vietnam som kunne føre til fødselskader. Disse testane kan tidleg ha påverka Brian sitt framtidige forhold til politikk og samfunn, ifølge Kurt Reighley.<sup>12</sup> Marilyn Manson skriv at han i tidleg alder utforska ulik pornografi som han fann i kjellaren til bestefaren, noko som ein kan kople til nokre av dei groteske lyriske framstillingane som blant anna «Cake And Sodomy» frå debutalbumet.<sup>13</sup> Den kristne skulen han gjekk på brukte religion og moralsk undertrykking som eit verkemiddel i opplæring i dei fleste fag.<sup>14</sup> David Bowie, KISS, Alice Cooper, AC/DC og Black Sabbath var nokre av inspirasjonskjeldene. Disse artistane har eksempel på seksuelle framstillingar, sjokk og satanisme, noko Brian tidleg vart opptatt av. Sjølv om foreldra godtok hans interesse for musikk, var dei ikkje tilfreds med dårlige haldningar som kom med.<sup>15</sup>

Brian tok artistnamnet Marilyn Manson, inspirert av kombinasjonen mellom fornamnet til skodespelaren, artisten og modellen Marilyn Monroe, og den notoriske kriminelle kult-leiaren Charles Manson. Han skriv at Marilyn Monroe har ei mørk side, samt Charles Manson har ei

---

<sup>9</sup> Marilyn Manson, 2000: spor 3

<sup>10</sup> Siegel, 2005: s.24

<sup>11</sup> Reighley, 2015: s.14-16

<sup>12</sup> Reighley, 2015: s.16-17

<sup>13</sup> Manson; Strauss, 1998: s.15

<sup>14</sup> Reighley, 2015: s.17-18

<sup>15</sup> Reighley, 2015: s.19-20



god og intelligent side, og det er ein balanse mellom kva som er godt og vondt.<sup>16</sup> Andre medlem i bandet hadde også same bakgrunn for sine egne artistnamn, blant anna «Olivia Newton Bundy». Det originale namnet til bandet var «Marilyn Manson and the Spooky Kids»,<sup>17</sup> og dei begynte tidleg med grove kontroversielle tekstar og eit brutalt og visuelt sceneshow.<sup>18</sup>

### 3.5 Dei tidlegaste albuma

*Portrait Of An American Family* vart utgitt i 1994, og var debutalbumet til Marilyn Manson. Albumet opnar med «Prelude (The Family Trip)», som høyrer ut som det er teke frå ein skrekkfilm med drypping og ei svak og skjelven stemme som utviklar seg til å høyrast meir og meir vond ut.<sup>19</sup> Fleire stemmer kjem etter kvart og eit kaos av lydar som skaper ei klaustrofobisk øyreoppleving. Etter albumintroen kjem «Cake and Sodomy». Ein får med ein gong eit inntrykk av kva artist Marilyn Manson er med vrenge gitar, hardtslåande musikk og kontroversielle tekstar.<sup>20</sup> Den nemnde songen spelar på pornografi, og songar som bl.a. «Dope Hat» tek føre seg narkotika, og vald, våpen, og incest er tema som også blir brukt i tekstane. «Lunchbox» er ein song som tek opp det å slå tilbake mot mobbarar.<sup>21</sup> *Portrait Of An American Family* fekk i 2003 gulltrofé utdelt av RIAA.<sup>22</sup> Når ein ser på annan musikk som toppa listene dette året, ser ein at dette var musikk som skilde seg ut frå populærmusikken som inneheldt mykje elektro- og synth-pop, RnB, rap og balladar,<sup>23</sup> og ein kan seie at Marilyn Manson og Nine Inch Nails mogleg blomstra parallelt som ein motpol til den positive og «joviale» popmusikken i denne tida.

To år etter debutalbumet kjem Marilyn Manson med sitt andre, *Antichrist Superstar*, og det er også i veldig stor grad kontroversielt. Dette albumet ber eit mogleg preg av at Marilyn Manson har etablert seg som eit band, og spelar på eit større budsjett. I 1998 kom albumet *Mechanical Animals*, eit album som også går under same stil som dei to første, men med nye songar med nye ytringar. Dette var dei albuma bandet hadde kome med før hendinga skjedde på Columbine High School.

---

<sup>16</sup> Manson; Strauss, 1998: s.119

<sup>17</sup> Reighley, 2015: s.11-12

<sup>18</sup> Manson; Strauss, 1998: s.128

<sup>19</sup> Marilyn Manson, 1994: spor 1

<sup>20</sup> Marilyn Manson, 1994: spor 2

<sup>21</sup> Marilyn Manson, 1994: spor 3

<sup>22</sup> RIAA, henta 14. mai 2020

<sup>23</sup> Top40weekly, henta 19. mai 2020

Ein kan sjå at Marilyn Manson vaks fram i ei bølge med mørkare rock, og med kontroversielle tekstar og karakterar, og ulike hendingar gjorde at musikken og kunsten skil seg særst ut ifrå pop-kulturen. Dette representerte på mange måtar dei som ikkje følte seg som ein del av det. Mange har det vanskeleg med å forstå Marilyn Mansons musikk og uttrykk, men nokre meiner det er litt av poenget; at ein ikkje nødvendigvis skal forstå det.<sup>24</sup> Musikken til Marilyn Manson verkar å appellere til folk som ikkje er samde med korleis religion og samfunn styrer menneskeliv, og for dei som ønsker å utfordre normene og gå imot systemet. Mesteparten av musikken kjem med ein negativ og kritisk budskap.

### 3.6 Skuleskytinga på Columbine High School

Skuleskytinga på Columbine High School 20. april 1999 vart gjort av 18 år gamle Eric Harris og 17 år gamle Dylan Klebold som begge var senior-elevar. Dei hadde lagt ut bomber i kantina på skulen og planla å skyte dei flyktande. Eric og Dylan stod ved kvar sin utgang, ei strategisk plassering som gjorde at dei ikkje skulle utsette kvarandre. Bombene var plasserte rundt i kantina i baggar med ein timer som skulle gå av kl. 11:17, men dette skjedde ikkje, då dei ikkje vart utløyste.<sup>25</sup> Dei to gutane gjekk over til å improvisere, noko som førte til at dei gjekk inn i kantina og utførte skytinga slik vi kjenner den i dag. Då skytinga var over tok dei sine eigne liv.<sup>26</sup>

Nettsida for det dei kalla «Trenchcoat Mafia» var ei plattform der Eric Harris hadde opna opp om sine fantasiar om å slå tilbake mot elevane på skulen. Eric skal ha påstått å kunne drepe 500 elevar,<sup>27</sup> eit tal han kunne ha kome nær dersom bomba hadde gått av slik som planlagt, ettersom der var om lag 480 studentar i kantina på planlagt tidspunkt. «Trenchcoat Mafia» var også namnet på gjengen som samla goth-ungdommen på skulen, og gav dei ei tilhøyrslø,<sup>28</sup> men sjølv om dette var ei gruppe menneske som samlast så heldt Eric og Dylan seg mykje for seg sjølve. Drap, hemn, sjølv mord og menneskehat var noko som ikkje var diskutert i vennekretsen. Gjengen var i grunn ein heilt vanleg vennegjeng som hadde normale felles interesser som for eksempel å spele spel.<sup>29</sup> Dette var mogleg ein del av ei større kulturell

---

<sup>24</sup> Cadwalladr, 2015

<sup>25</sup> Larkin, 2007: s.1

<sup>26</sup> Larkin, 2007: s.8

<sup>27</sup> Larkin, 2007: s.3

<sup>28</sup> Larkin, 2007: s.64

<sup>29</sup> New York Times, 29. september 2015

oppdeling hjå elevane på skulen, og vitne i saka som uttalte seg om skuleskytarane og gjengen dei var med i som «utstøytt» frå resten av elevane på skulen gjorde at fokus vart retta mot dette.<sup>30</sup>

### 3.7 Folket som peikar fingrar

Eric og Dylan hadde tidligare vore sett iført Marilyn Manson t-skjorter,<sup>31</sup> men dette var ikkje einaste artistane ein visste at gutane var tilhengarar av. Ein visste at dei likte mykje musikk i same sjanger gjennom t-skjorter dei brukte med logoane til ulike artistar. Blant anna det tyske industrielle rockebandet KMFDM var ein av favorittane,<sup>32</sup> eit band med særskild kontroversielt uttrykk, både i tekstar, musikk og scenekunst. Rammstein var også eit tysk band ofte sett i same sjanger som dei likte, eit band med større kommersiell suksess enn det førstnemnde hadde. Bandet har vore sterkt kritiserte for musikken og videoane sine, seinast i 2019 då dei kom med musikkvideoen til «Deutschland» med tydelig framstilling av nazisme og holocaust.<sup>33</sup> Nokre meiner at framstillinga var forkastelig, medan andre meiner dette er kunst som kritiserer nazismen og hendingane i andre verdskrig.<sup>34</sup>

Opp i alt kaoset som oppstod i media då denne hendinga skjedde var det naturleg for journalistar, psykologar og folk flest å spekulere i kva som hadde forårsaka at to gitarar skulle skyte medelevar på sin eigen skule. Konklusjonar vart gjort både av FBI, psykiater og psykologar om kvifor hendinga hadde tatt plass, men det var vanskelig å kome til ei einigheit.<sup>35</sup> Video-opptak av Eric og Dylan som vart funne gjorde at ein i ettertid kunne forstå nærare gutane sine psykiske tilstandar. Eric Harris sitt tanke sett fekk ein nærare innsyn i gjennom disse videoane og fleire av tekstane han publiserte på nettsida si,<sup>36</sup> og han viste tydelige psykotiske teikn ettersom han opent skreiv om mord, vald og hat. Han verka også mykje påverka av kulturen ein kalla «skinhead», og sjølv om goth- og skinhead-kulturen begge kom frå utstøytt ungdom er det ikkje heilt like kulturar i normer, verdiar og oppførsel.<sup>37</sup> «Skinheads» er sterkt knytte til nazisme, noko Eric Harris samtykka med i stor grad i

---

<sup>30</sup> New York Times, 29. september 2015

<sup>31</sup> Larkin, 2007: s.9

<sup>32</sup> Larkin, 2007: s.123

<sup>33</sup> Scott, 29. mars 2019

<sup>34</sup> Scott, 29. mars 2019

<sup>35</sup> Cullen, Dave, 20. april 2004.

<sup>36</sup> Larkin, 2007: s.128

<sup>37</sup> Larkin, 2007: s.156

ideologiske ytringar i innlegga sine på internett.<sup>38</sup> Dylan si psyke var ikkje like enkel å forstå i forhold til Eric som snakka opent om sine tankar. Teoriar vart lagt fram av Eric, og Dylan følgde etter, og ein veit ikkje mykje om Dylan si meining om disse ulike teoriane og ideologiane som vart lagt fram av kompisen.<sup>39</sup> Sjølv om familielivet til Eric Harris var ganske normalt, var det mogleg medvitte rundt sin eigen popularitet hjå elevar og ungdom, og at han ikkje var ein populær gut, som gjorde at han følte seg undertrykt og framandgjort.<sup>40</sup> Dylan Klebold vaks opp med ei jødisk mor og ein protestantisk far, og levde i ein turbulent, men fungerande familie, og var beskriven som ein veldig usikker og sjenert gut.<sup>41</sup> Fleire meiner at skytinga på Columbine High School var eit resultat av at Eric var psykopat, og Dylan var depressiv.<sup>42</sup>

## 4. Drøfting

### 4.1 Marilyn Mansons kommentarar

Eit senter for merksemd starta då media begynte å peike fingrar mot Marilyn Manson, som då var på turné for å promotere sitt nyaste album *Mechanical Animals*, noko han avlyste då hendinga skjedde som respekt for dei pårørande.<sup>43</sup> Sjølv gjekk formannen i bandet tidleg ut og sa at artistar som han sjølve ikkje er dei som skal få skulda for hendinga. Det var også halde protestar mot konsertane dei skulle ha i forskjellige område av store mengder folk.<sup>44</sup> Marilyn Manson sjølv gøymde seg derimot ikkje i skuggen då pressa var som verst, men gjekk heller ut opent for å kommentere saka. Berre få månadar etter hendinga skreiv han ein artikkel for magasinet *Rolling Stone*. I denne artikkelen la han ut om korleis menneske konstant har vore utsette for vald, og blant anna trekk han inn bibelhistorier og viser til korleis menneske alltid har vore valdelege og opptatt av vald, seksualitet og død.<sup>45</sup> Han held fram artikkelen med å nemne at gjennom all tid har ein framstilt mord og mordarar i bøker, filmar, spel, musikk og media, og når Eric og Dylan vart framstilt i media var dette eit nytt eksempel på akkurat det same.<sup>46</sup> Hendingar som har skjedd i etterkant har vore tydelig inspirerte av skytinga på

---

<sup>38</sup> Larkin, 2007: s.157

<sup>39</sup> Larkin, 2007: s.138

<sup>40</sup> Larkin, 2007: s.126

<sup>41</sup> Larkin, 2007: s.138

<sup>42</sup> Larkin, 2007: s.151

<sup>43</sup> Moore, 2002

<sup>44</sup> Moore, 2002

<sup>45</sup> Manson, 1999

<sup>46</sup> Manson, 1999

Columbine High School, blant anna på Kentucky High School i nyare tid,<sup>47</sup> men også ei skuleskyting berre eit år etter Eric og Dylan si handling. Santana High School vart utsett då ein 15 år gamal gut drap to og skada 13 medelevar, dette etter at han fleire gongar skal ha svart mobbarar med å skulle «pull a Columbine».<sup>48</sup> Musikk vart også knytt til denne alvorlege hendinga, men her var det ikkje Marilyn Manson som var syndaren, men nu-metal bandet Linkin Park, som ikkje er like kontroversielle, men tek føre seg «mørke tema» som gitarist i bandet sjølv har forklart det.<sup>49</sup>

Manson meiner at media vart oppslukt i Eric og Dylan si interesse for musikk og samtidig retta fingeren mot feil artist. Gutane brukte ikkje sminke og kledde seg ikkje som Marilyn Manson, noko media hadde konkludert med ifølge Manson sjølv, og artistar som KMFDM og Rammstein som dei to gutane var tilhengarar av ikkje fekk noko kritikk i like stor grad fordi Amerika ikkje hadde kjennskap til dei, derfor valde media eit offer som var i same sjanger.<sup>50</sup> «Antichrist» er noko eit namn som er tilknytt Manson, og artisten innrømte sjølv å ha gått inn for denne rolla; å vere «90-talets stemme for individualitet», som han skriv sjølv, noko ein assosierer med nokon som ser og oppfører seg unormalt gjennom noko ulovleg eller umoralsk.<sup>51</sup> Media trengte nokon å legge skuld på, og derfor var den skremmande artisten eit bilde på frykt, noko som var enkelt å vekke merksemd med i media, ifølge artisten sjølv.<sup>52</sup>

*Holy Wood*, Marilyn Mansons fjerde studioalbum, vart gitt ut i år 2000, altså året etter skytinga Columbine High School. Bandet viser ikkje noko særleg forandring i stil etter hendinga, og musikken er like hardtslåande som før. Albumet inneheld songar med symbol på individualitet, framandgjerung av ungdom, død og religionskritikk, noko som dei tidlegare albuma også har representert. Bandet fekk også stor suksess med dette albumet, som også fekk gulltrofé av RIAA.<sup>53</sup> Etter dette har Marilyn Manson fortsatt å lage musikk og kom seinast i 2017 med sitt siste album *Heaven Upside Down*.

---

<sup>47</sup> Vera, 2018

<sup>48</sup> Langman, 2015

<sup>49</sup> NME, 2001

<sup>50</sup> Manson, 1999

<sup>51</sup> Manson, 1999

<sup>52</sup> Moore, 2002

<sup>53</sup> RIAA, henta 24. mai 2020

## 4.2 Identitet gjennom musikk

Musikk er noko ein kan knyte sterkt til identitet, og musikken vi høyrer på har ofte ein type kultur som følger med den. Ein kan seie at Marilyn Manson representerer ungdom som føler seg framandgjort frå samfunnet. Mansons musikk er mykje kjent for å kritisere samfunn og religion, og stiller i tekstane sine oftast desse i eit negativt lys. Kulturen rundt musikken vil kanskje derfor byggje seg opp til å støtte dei som føler seg på utsida; dei som ikkje føler seg som ein del av «alle andre». Studiar har vist at menneske har eit behov for å «høyre til» noko.<sup>54</sup> Det er kanskje naturleg at då dei som føler seg på utsida av samfunnet vil finne eit fellesskap, noko ein har moglegheit å finne i musikk. Framandgjerung, noko som tidlegare vaks fram i filosofien spesielt gjennom Karl Marx,<sup>55</sup> er i denne forstand brukt som noko veldig psykologisk eller moralsk. Ein kan sjå på denne framandgjerung som ei vidareutvikling av Marx sine teoriar, som i større grad handlar om personleg kapital.<sup>56</sup> I denne forstand handlar det mogleg meir om ei slags psykisk undertrykking av enkeltmenneske resultert av at eit individ ikkje kjenner seg heime i «normalen» i eit samfunn, og for folk som har opplevd ei meir radikal form for undertrykking som mobbing, fysisk trauma og liknande, er det enkelt å stille seg spørjande til samfunnet som ikkje har gitt støtte når ein har trengt det. Dermed vil «alienated youth», som ein ofte kallar det på engelsk, ofte vere fundamentet som tilhengarar til sjangeren og artistane. Som ein ser har Marilyn Manson også gått gjennom personlege episodar som kanskje har resultert i trauma, noko som mogleg har skapt musikken hans. Han vil derfor representere det han uttrykker i musikken sin, altså noko andre òg kan ha opplevd.

Ein kan ikkje akkurat seie at frontfiguren Marilyn Manson og hans band, som går under same namn, har vore noko særleg gode førebilete. Media har omtalt fleire skandalar, blant anna bruk av narkotika, øydelegging av utstyr, valdelege handlingar og ei lang liste med andre hendingar.<sup>57</sup> Bandet har også blitt kritisert for å *berre* ha negative songar med vonde budskapar. Gary Rossington, gitarist i bandet Lynyrd Skynyrd, er ein av dei som har kritisert og utfordra dei til å lage ein song med eit positivt budskap, men nemner også at han ikkje meiner ein skal skulde på Marilyn Manson for at skuleskytinga skjedde.<sup>58</sup> Det er mogleg

---

<sup>54</sup> Kulset, 2018: s.53

<sup>55</sup> Dybvig; Dybvig, 2003: s.324

<sup>56</sup> Dybvig; Dybvig, 2003: s.323

<sup>57</sup> Reed, 7. oktober 2016

<sup>58</sup> Uhelszki, 13. august 1999

Rossington talar si eiga sak godt når han påpeikar at ein artist skal ta ansvar for sine egne tilhengarar, ettersom ein kunstnar kan ha ei unik påverkingskraft.

Identitet i musikk bidreg til mykje positivt for eit menneske. Det gir ein ei tilhøyrse til ein sjanger eller miljø som skaper nærleik til andre folk. Ein negativ faktor som mogleg kan oppstå ut ifrå dette er eit slags musikalsk kastesystem, altså undertrykking av musikk, samt musikalsk utvikling.<sup>59</sup> Når ein skaper eit slikt skilje mellom musikksjangrar og tilhøyrslene deira, vil det mogleg bli eit større skilje mellom folk både på godt og vondt.

### 4.3 Kriminalitet i musikk

Det finst tallause positive faktorar ved musikk rundt i verda, men diverre også nokre negative. Gjennom rocken si historie har narkotika, vald og mange andre former for kriminalitet vore noko som har vore fremja gjennom tekst og musikk. Forsking har også vore gjort på korleis hardare musikk har ført til meir valdelege psykiske trekk. Dette var basert på eit 5-dels eksperiment med forskjellige grader av «hard» musikk.<sup>60</sup> Nokre eksperiment har tatt føre seg korleis musikk kan ha større negativ effekt på menn enn kvinner, der musikk og musikkvideoar med negativ budskap er brukt. Ein kan spørje seg sjølv kor mykje musikken snakkar for seg sjølv i Marilyn Manson sin musikk, og om dei kontroversielle tekstane og titlane hadde vore kontroversielle i like stor grad åleine.

Det er kanskje spesielt når den negativt lada musikken blir ein del av populærmusikken den vil ha størst innflytelse. Populærkulturen er stort sett styrt av ungdommen, og slik har det vore i ei god stund. Ungdommen er i ein fase der å finne sin identitet er noko veldig sentralt. For Eric og Dylan som var 17 og 18 år på tida dei utførte handlingane, var dette mogleg ein kritisk periode der musikken og kulturen generelt hadde stor innflytelse. Rocken talar ofte ungdommen sitt språk, og sjølv om ikkje alle tek til seg det som blir sunge i tekstar, er det mogleg at nokon gjer det. Andre gjer det berre for musikken si skuld. Det er mogleg det er av disse grunnar det vart mykje snakk om påverknad frå spel, filmar og musikk etter skuleskytinga på Columbine, fordi foreldre frykta for egne barn og ville finne ut kva som hadde forårsaka dette så ein kunne skjerme ungdom for det i framtida. Demonstrasjonane mot Marilyn Manson blei også gjort av desse grunnane.<sup>61</sup> Det er ikkje alltid enkelt å skulle

---

<sup>59</sup> Kulset, 2018: s.27

<sup>60</sup> Anderson; Carnagey, 2003

<sup>61</sup> Moore, 2002

kartlegge grunnar til at eit menneske høyrer på ein viss type musikk, og ein snakkar som oftast om stereotypar innan ein sjanger.

Kriminalitet innan musikk har lenge vore eit tema. Kvifor? Det kan hende det er fordi artistar har emna til å fortelle sine eigne historier gjennom musikken sin, samt andre menneske sine historier. I fleire tilfelle inneheld livet til ein artist mykje kriminalitet, vald, narkotika eller alkoholmisbruk, og det er ikkje unaturleg å då skulle ytre desse eigne opplevingane ettersom ein ofte er i ein kritisk mental tilstand i disse periodane. I Marilyn Manson sin musikk er narkotika sentralt i nokre av tekstane, mest på grunn av hans eigne erfaringar, livssyn og haldningar, og dette kan mogleg påverke ein ungdom til negative haldningar til dette. Denne musikken er lett tilgjengeleg for alle folk, og om ein kontrollerer kva musikk som skal bli framstilt eller ikkje så oppstår det eit spørsmål om sensur.

#### 4.4 Sensur

Om det faktisk er musikken til Marilyn Manson som har forårsaka at Eric og Dylan har utvikla ei psyke som har gjort at dei har skutt medelevar på sin eigen skule, så vil ein sjå på korleis ein skal løyse dette som eit problem. Protestar vart gjort, og Marilyn Manson fekk sterk kritikk rundt denne saka, noko ein vil tru hadde påverka ein artist, men etter utgivinga av albumet eit år etter hendinga verka det ikkje som om Marilyn Manson hadde tenkt å forandre sine ytringar på grunn av det som skjedde. På ein av protestane mot artisten etter skuleskytinga vart samanlikninga av ei Lexus-reklame brukt som eksempel på kvifor ein skulle boikotte Marilyn Mansons musikk. At ikkje alle som ser ei Lexus-reklame kjøper ein Lexus-bil, men nokre gjer, var budskapet, noko talaren meinte også gjaldt Marilyn Manson sin musikk, og viser til at dei fleste som er tilhengjarar av Marilyn Manson ikkje vil utføre ei slik handling, men nokre vil gjere det.<sup>62</sup> Foreldre og bekymra menneske var særst imot at denne musikken skulle få leve fritt.<sup>63</sup> Det er uansett vanskelig å skulle peike på kven sin feil det var, og om det var innflytelse frå banda som gutane var tilhengjarar av som i det heile tatt er dei ein skal peike fingrar mot. Skal ein sensurere musikken til Marilyn Manson dersom han viser seg å vere ei tydeleg kjelde for dårlig påverknad? Skal ein sensurere musikken dersom han ikkje har skuld, men fordi den ber negativ budskap?

---

<sup>62</sup> Moore, 2002

<sup>63</sup> Moore, 2002



Dette er langt ifrå første gongen sensur har vore eit tema. Nyskapande musikk generelt har vist seg gjennom historia å ha blitt møtt med kritikk av konservative, og i fleire tilfelle har det teke lang tid før ei nyskaping har blitt ein trend, for eksempel berre polyfonien i seg sjølv.<sup>64</sup> Musikkhistoria er på eit vis skapt av konservative mot nyskaparar som ofte vart sett på som kontroversielle. Ein kan derfor påstå at sensur av musikk alltid har eksistert så lenge musikk som kunstform har eksistert. Eit av dei mest merkbara tiltaka som har vore gjort i høve dette skjedde på 80-talet.

The Parents Music Resource Center var organisasjonen som i 1985 kjempa mot musikk dei meinte ikkje var venleg mot barn og ungdom, noko som starta etter at Susan Baker, ein av grunnleggarane for organisasjonen, si då sju år gamle dotter hadde spurt kva ordet «virgin» betydde. Dette var etter å ha hørt ordet i Madonna sin song «Like a Virgin».<sup>65</sup> Baker vart forskrekka av dette og visste ikkje kva ho skulle svare, og reaksjonen på dette var å sette i gong ein organisasjon. PMRC, som organisasjonen ofte blir forkorta til, starta med å lage ei liste som vart kjent som «The Filthy Fifteen». Dette var ei liste som inneheldt forskjellig musikk frå ei rekke kjende artistar frå ulike sjangrar, blant anna Madonna, AC/DC og Prince.<sup>66</sup> Alle disse eksempla skulle representere det PMRC kjempa imot, altså grove tekstar med eksplisitt innhald, og dei sikta mot å kunne fjerne slik musikk frå radio.<sup>67</sup> Saka blei etterkvart presentert i ei senatshøyring som fekk stor merksemd, mellom anna i pressa. Artistar møtte også opp som vitne for å tale si sak, blant anna Frank Zappa som hadde sterke meiningar om saka.<sup>68</sup> Zappa nemner seksuell fridom som eit poeng, og stiller spørsmål rundt korleis kristendomen skal undertrykke denne fridomen.<sup>69</sup> Han påpeikte også at dersom det ser ut som og luktar som sensurering så er det sensurering,<sup>70</sup> og det er eit veldig aktuelt spørsmål gjennom all tid i kva grad ein skal sensurere musikk. «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merket som PMRC prøvde å få vedtatt var sensureringa ein snakka om, og mange artistar meinte at dette ville øydelegge store delar av musikkindustrien og generell kunstfridom. Det senatshøyringa enda i var at PMRC fekk viljen sin; album vart merka med eit «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merke, noko som tilseier at tekstane har eksplisitt innhald.

---

<sup>64</sup> Hanning, 2014

<sup>65</sup> Schonfeld, 2015

<sup>66</sup> Chilton, 2019

<sup>67</sup> Schonfeld, 2015

<sup>68</sup> Schonfeld, 2015

<sup>69</sup> Bartek Kaszuba, 2012

<sup>70</sup> Chilton, 2019

Spørsmålet er om dette som skulle verne barn og ungdom for grovt innhald i musikk førte til noko positivt eller negativt?

Fleire av Marilyn Manson sine album er merka med dette «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merket som skal kontrollere det som blir konsumert av grovt innhald. Når ein enorm ungdomskultur har vekse rundt Marilyn Mansons musikk og sjangeren han er innan, kan ein då seie at mykje av denne typen sensurering har ført til det motsette enn det PMRC kjempa for? Det er mogleg at ei større interesse har oppstått rundt disse merkingane, og det fungerer meir som eit ungdomsoppgjær ettersom ei auking i sal og publisitet skjedd for dei 15 artistane inkludert i «Filthy Fifteen» då merkinga vart vedtatt og innført.<sup>71</sup> Marilyn Manson som slo gjennom rundt 10 år etter denne oppblåste saka, merka mogleg heller ikkje noko motstand i disse merkingane. Når merka gjer at merksemda og sal rundt disse artistane auka, vil merka gjer grovt innhald meir attraktivt og enklare å finne fram til, og det blir ein augefangar for barn og ungdom.

Ein ser i dag at seksuell og valdelege musikk fortsatt eksisterer og ein del populærsongar også har eit preg av dette. Merking av eksplisitt innhald er fortsatt eit faktum, noko ein ser på strøymetenester, som har tatt over i stor grad for fysisk sal av musikk, at songar og album er merka. Blant anna på strøymetenesta Spotify er det ikkje uvanleg å sjå ved sida av ein songtittel at det er merka i ein liten boks der det står «EXPLICIT», noko som refererer til det same som «Parental Advisory: Explicit Lyrics»-merket. Ein ser også at i nokre delar av verda er det sterk undertrykking av musikk, ofte frå sterkt konservativt religiøse områder. Ein finn døme frå for eksempel Mogadishu i Somalia der det har vore totalt forbod mot musikk, og straff blir gitt til dei som høyrer på musikk.<sup>72</sup> Dette er ei ekstrem grad av sensur når ingen musikk i det heile tatt er lovleg. I Noreg har vi også hatt flyktningane Maryam Sharifi og mannen hennar som var musikar. Saman rømde paret frå Afghanistan etter å ha blitt trua og forsøkt drepne fordi musikk var forbode. Sharifi fortel til *Journalen* at kunstnarar som kritiserer islam blir sensurerte og kan bli forfølgde.<sup>73</sup> Slike tilfelle av sensur er tatt til ei langt større grad enn merking av album med grovt innhald, og ein kan spørje om det er i slike ekstreme grader dei som protesterte mot Marilyn Manson etter skytinga på Columbine High School meinte ein skulle ta sensur.

---

<sup>71</sup> Chilton, 2019

<sup>72</sup> Siebke; Owe, 2010

<sup>73</sup> Myrseth; Lysgård, 2019

#### 4.5 Kvifor høyre på Marilyn Manson?

Som tidlegare nemna er musikk sterkt knytt til identitet, og Marilyn Manson representerer ungdom, noko han uttrykker blant i songen «Disposable Teens» frå *Holy Wood* albumet.<sup>74</sup> Eric og Dylan var tydeleg innan denne kategorien, men at det skulle bli ein del av populærkultur og at ein så stor del ungdommar skal føle seg framandgjort. 90-talet var mykje prega av mørkare musikk som var mykje etterkomarar av 80-talets rock og metal, og kanskje må ein sjå nærare på musikken som vaks fram på same tid for å forstå denne Marilyn Manson-bølga.

Musikken til Marilyn Manson ber ofte eit preg av auditive opplevingar ein finn i skrekfilmar og liknande, noko ein høyrer frå starten av debutalbumet. Med tunge gitarriff, skrikande og skjelvande vokalar, og hard bass- og tromme-groove gir musikken ein heilt spesiell aggressiv energi. Dei skrikande og skjelvande vokalane til frontfiguren er mogleg det som får tekstane til å få eit enda større grotesk, brutalt og sterk meining. Dette er eit preg ein mogleg kjenner igjen frå punken og tidlegare rock, berre tatt til ei ny tid med innflytelse frå metal

Ein kan velje å sjå på rocken og dei forskjellige undersjangerane som vaks fram som ein motreaksjon til 80-talet, tiåret som var prega av glam og «arena-musikk». Då grunge-sjangeren vaks fram på 90-talet var dette ein stor kontrast, og med røter frå punk og metal blei dette ein nyskapande sjanger.<sup>75</sup> Særpreget i denne undergrunssjangeren som tek namnet frå «skit» eller «søppel» samsvarar mogleg med dette namnet, ettersom veng-effekt, grov vokal og ein ustelt utsjånad var essensielt i sjangeren. Grunge var truleg i like stor grad eit moteuttrykk som det var ein musikk sjanger. Frå store hockey-sveisar, skinnbukser og på 80-talet gjekk det over til holete bukser og flanellskjorter. Nirvana, Pearl Jam, Alice in Chains og Soundgarden er nokre av dei største artistane innan grungen, og mykje av tekstane har eit stort direkte angst-preg, noko tidlegare populærmusikk ikkje hadde sett før i like stor grad.<sup>76</sup> I tillegg hadde ein artistar som for eksempel Rage Against The Machine, som i 1992 med debutplata si med same tittel som bandnamnet, ytra politiske tekstar og misnøye og kritikk til samfunnet og styresmakter. Parallelt med Marilyn Manson begynte også forskjellige sjangrar innan metal å vekse, blant anna nu-metal gjennom artistar som Korn. Her også hadde ein eit

---

<sup>74</sup> Marilyn Manson, 2000: spor 4

<sup>75</sup> Marin, 1992

<sup>76</sup> Marin, 1992

stort preg av tung musikk med personlege tekstar om blant anna angst, narkotika og død. I sjokk-rocken, som ein kan spore tilbake til Screamin' Jay Hawkins, kombinerte ein i stor grad den harde musikken som var populær på denne tida med estetisk sjokkverdi i scenekunst, videoar og bilete.

Er det mogleg at kulturen rundt denne typen musikk som oppstod som etterføljar av rock, metal, grunge og punk har normalisert det å føle seg framandgjort og at det å vere annleis har blitt «inn»? Musikken som ytra dette vart ein sjanger med mange tilhengjarar, og store delar av musikken publisert av band som Marilyn Manson, Korn og Rage Against The Machine kom med blant anna grove, depressive og samfunnskritiske tekstar, noko som ungdom slutta seg til. Manson sjølv uttrykte seg om korleis musikk for han då han var mindre var noko å søkje tilflukt i, og når han sette på ei plate følte han seg ikkje dømt, han følte seg bra.<sup>77</sup> Eric og Dylan var mogleg del av ein kultur som ein stor del andre ungdommar og spørsmålet er om det var tilfeldig at det var akkurat denne båsen dei hamna i.

#### 4.6 Følelsen av musikk

Det finst veldig mange grunnar til at ein skal høyre på musikk, men kvifor skal ein ville høyre på trist musikk, spesielt når vi er triste? Vil vi ikkje helst vere glad heile tida? Ein kan seie at Marilyn Mansons musikk og tekstar på mange måtar er meir ladde av sinne enn dei er triste, og musikken gir ei form for aggresjon og energi, men kan ein kople dette til måten ein høyrer på trist musikk? Kva som faktisk er trist musikk kan variere frå menneske til menneske, dette utifrå ulike faktorar.<sup>78</sup> Ofte er det slik at når ein høyrer på trist musikk så minner ein seg sjølv på den triste følelsen, noko som fungerer nesten som å skylje kroppen for triste tankar, altså berre få alt ut på ein gong.<sup>79</sup> Musikken kan på mange måtar gi ord på kjensler ein sjølv ikkje klarer å uttrykke, ein snakkar altså om trist musikk som samsvarar og ein minnstast for følelsar.<sup>80</sup> *Depressiv realisme*, eit omgrep brukt om at tristheit fører til eit realistisk syn på ein sjølv, er også ein slags måte å bruke trist musikk mogleg for å kjenne seg sjølv betre.<sup>81</sup> Musikken kan også vere ein støttespelar på den måten at den gjev deg noko å leve deg inn i,

---

<sup>77</sup> Moore, 2002

<sup>78</sup> Kulset, 2018: s.71

<sup>79</sup> Kulset, 2018: s.72

<sup>80</sup> Kulset, 2018: s.72

<sup>81</sup> Kulset, 2018: s.73

nesten som ein ven, og musikken kan la deg tolke ein situasjon på eit anna vis enn det du tidlegare har gjort.<sup>82</sup>

#### 4.7 Våpenlover i USA

Finst det andre faktorar som fortener større fokus frå media og folket etter skytinga enn det Marilyn Manson musikk, tekst og haldning gjorde? Mest sannsynleg var det nok det, og ein av dei tinga ein kan stille spørsmål rundt er korleis gutane har fått tak i våpen, og våpenlovene i USA, noko som er ganske radikale og ulikt det norske lovverket. Det er stor splitting blant folk i USA når det gjeld tilgang til våpen, nokre for og nokre imot våpeneige. Våpen er ikkje uvanleg å ha i dei fleste heimar, og mange står fast på rettigheita til å beskytte seg sjølve og familien. Det er derimot ikkje sikkert det blir så mykje tryggare når skytevåpen er så lett tilgjengelig.

I *Bowling for Columbine*, dokumentarfilmen av Michael Moore som tek føre seg skytinga på Columbine High School, er amerikansk våpenlov eit sentralt tema.<sup>83</sup> Våpenlova er mogleg noko av det som gjer drapstala so høge som dei er i USA samanlikna med mange andre land.<sup>84</sup> Eric og Dylan, ein 17 og 18 åring, hadde fått tak i ei hagle og eit halvautomatisk handgevær,<sup>85</sup> noko som ikkje er heilt passande for to mentalt ustabile ungdomar. Korleis dei hadde fått tak i våpen så enkelt, er knytt til det amerikanske behovet for å eige eit våpen, noko Michael Moore framstiller på ein komisk og ironisk måte i dokumentaren sin. Bombene dei hadde planta i kantina var heimelaga bomber, noko dei hadde lært å lage frå bøker og anna.<sup>86</sup> Gutane var også utstyrt med fleire knivar og liknande våpen.<sup>87</sup>

Så var det Marilyn Manson, som har blitt tiltalt for å ha inspirert til denne hendinga. Kvar står han i høve USA sin kjærleik til våpen? I 2017 hadde han ein stor kontrovers då frontfiguren under ein av sine konsertar hadde eit uekte gevær med seg på scena, dette same dagen som det hadde vore eit masseskyting i Texas.<sup>88</sup> Etter å ha fått mykje kritikk for denne gesten gjekk Manson sjølv ut og kommenterte saka. I følge artisten var det på ingen måte meininga å

---

<sup>82</sup> Kulset, 2018: s.74

<sup>83</sup> Moore, 2002

<sup>84</sup> Moore, 2002

<sup>85</sup> Larkin, 2007: s.1

<sup>86</sup> Moore, 2002

<sup>87</sup> Larkin, 2007: s.2

<sup>88</sup> Stutz, 2017

krenke folk, og dette var ein måte å uttrykke seg i høve amerikansk våpenlov. Han fortset i intervjuet med *Billboard* med å seie at masseskytingar har nesten blitt noko som skjer dagleg i landet, og han kritiserer korleis det har blitt «normalisert» å ha lett tilgjengelige våpen.<sup>89</sup> Han nemner også at hans eigen kunst har alltid vore ein reaksjon til populærkultur og forferdelege ting som skjer i verda,<sup>90</sup> eit ytring som er ganske sentral når ein skal tolke artistens verk og stil. Marilyn Manson er altså imot USA sine våpen og problema med våpenkontroll. Ein kan også sjå på tidlegare bevis på dette, blant anna songen «The Love Song» frå albumet *Holy Wood*. I teksten til denne songen viser han akkurat det han har sagt i intervjuet i 2017; kunsten hans er ein reaksjon på kultur i samtid. Han opnar denne songen med å synge teksta «I got a crush on a pretty pistol. Should I tell her that I feel this way?», samt skrik han på refrenget «Do you love your guns? God? The goverment?» mens eit kor ropar «Yeah!» saman etter kvart spørsmålsteikn.<sup>91</sup> Dette er altså ein måte å kritisere amerikanarar på måten han meiner dei er besette av dei tre tinga han nemner, altså våpen, Gud og myndigheitene.

#### 4.8 Oppsummering

Først må ein poengtere at Marilyn Manson skulle vart plukka ut som den store eineståande syndaren i førehald til denne saka er på eit veldig tynt grunnlag. Det heile vart utløyst då opplysninga om at dei to gutane var sett i t-skjorter med artistens namn på, og dette er eigentleg den einaste kjelda ein hadde å gå etter. Dersom ein skulle ha behandla situasjonen på eit meir etisk vis måtte ein ha inkludert alle artistar ein hadde kjelder på, blant anna dei nemna KMFDM og Rammstein. Dette er eit resultat av «moral panic» der ein har forhasta undersøkinga i faktorar som har påverka gjerningsmennene. Marilyn Manson blei den som vart hengt ut i media og av folket mogleg fordi han var noko amerikanarar hadde tydeleg forståing for, og han var eit kjent fjes frå før av.

Marilyn Manson var eit av fleire band som på denne tida var innan den populære tunge sjangeren som ofte inneheldt kontroversielle tekstar. Det var ikkje uvanleg å høyre på Marilyn Manson, mogleg tvert imot, men bandet og frontfiguren skilde seg ut med sitt utsjånad og stil som var ein del av sjokk-verdien i kunsten. I og med at han var så populær blant ungdom er det vanskeleg å seie om det er heilt tilfeldig at det var denne artisten dei to gutane hørde på.

---

<sup>89</sup> Stutz, 2017

<sup>90</sup> Stutz, 2017

<sup>91</sup> Manson, 2002: spor 2

Når ein skal samanlikne bakgrunnen til Eric Harris og Dylan Klebold og deira forhold til musikken må ein sjå det frå ein litt anna vinkel enn det ein gjer det med trist musikk. Her er det ikkje snakk om triste folk som høyrer på trist musikk, men aggressiv, utstøytt og misfornøgd ungdom som høyrde på same type musikk med eit preg av sjokk-verdi. Dette er musikk dei mest sannsynleg ville kjenne seg veldig godt igjen i, ettersom det i populærkulturen på 90-talet var veldig absurd, sjokkerande og rebelsk med Marilyn Manson, Rammstein og Nine Inch Nails. Kanskje ville dei to gutane minne seg sjølv på den aggressive følelsen dei kjente på når dei kvar dag på skulen og følte seg upopulære og utanfor, og at denne musikken var støttespelaren som fekk dei gjennom kvardagen fordi dei hadde noko som sa dei ikkje var åleine. Denne grove musikken var også det som minte dei på at det å føle unormal ikkje nødvendigvis er ein dårlig ting.

Ein får på ein måte to forskjellige synspunkt i forhold til dei to gutane, i og med at dei var i forskjellige psykiske tilstandar, den eine psykotisk og den andre depressiv. Det kan hende Eric Harris høyrde på den aggressive musikken for å føle at noko samsvarte med dei kjenslene han hadde, og at han var ein som stod på utsida av alle andre. Når det gjeld Dylan Klebold kan det hende han brukte musikken for å skylje negative og depressive tankar vekk. Når det gjeld ein såkalla «depressiv realisme» så var dei to gutane mest sannsynleg kome i ein fase der den menneskelege realismen hadde forsvunne til ei stor grad.

Dersom Marilyn Manson faktisk er for oppstramming i amerikansk våpenkontroll som han uttrykker i intervju og songtekstar så er det vel ingen grunn til at han skal oppfordre til skuleskyting. Han nok oppfordra til at dei som vert trakka ned og sett ned på, dei som føler seg utanfor, skal stå opp for seg sjølve, noko han uttrykker i songar som for eksempel «Lunchbox» frå debutalbumet.<sup>92</sup> Sjølv om han har stått opp for disse folka har han ikkje gitt uttrykk for at han støttar noko skuleskyting, og med dei gitte kommentarane bikkar det mot at han er mot skytevåpen. Problemet er berre at dei tydelige svara på at han er mot skytevåpen har kome etter skytinga på Columbine High School, og det fins ikkje like klare bevis i songtekstar som er gitt ut før hendinga, men det er mogleg at hendinga har utløyst reaksjonen som gjorde at han skreiv kommenterande verk som for eksempel «The Love Song» som vart utgitt eit år etter hendinga. Frå Eric og Dylan sitt perspektiv var der ikkje noko som sa at

---

<sup>92</sup> Manson, 1994: spor 3

våpen og masse mord ikkje var ein del av kulturen dei var ein del av, men det var heller ikkje noko som direkte oppfordra til det i musikken til Marilyn Manson.

Ein har allereie merka Marilyn Manson sin musikk som eksplisitt, skal ein då gå hardare ut med sensurering dersom musikken har ført til ei skuleskyting? Ingen ting står som bevis på at det faktisk var musikken til Marilyn Manson som forårsaka den mentale helsa til dei to gutane, og fleire artistar og band måtte ha blitt inkludert dersom noko slikt skulle blitt gjort. Det er eit stort spørsmål angående ytringsfridom og fridom innan kunst. Tolking av tekst er også eit sentralt punkt, ettersom ingen direkte ytringar om ei skuleskyting har blitt gjort frå Marilyn Manson, berre samfunnskritiske og personlege ytringar. Artistane representerer ei gruppe menneske som føler seg på utsida av samfunnet, noko som har gjort Eric og Dylan har vore tilhengjarar av musikken og kulturen. Ei meir omfattande sensurering kan føre til regulering av grovt innhald i musikk for barn og ungdom, med det er òg mogleg at det kan føre til større interesse for slik musikk, noko ein fekk sjå i nokre av tilfella av PMRC si merking.

Merket med «Parental Advisory: Explicit Lyrics» har vore ei tidlegare form for sortering av diverse eksplisitt innhald, men dersom ein skal gå lenger enn dette når det gjeld sensur er ein ikkje langt i frå forbod på musikk, noko som vart vist meir radikale døme på tidlegare i teksten. Dersom ein skulle ha begynt å forbode musikk for å ha slike ytringar, hadde det ikkje vore i samsvar med ytringsfridom for artistar.

Det er skremmande å tenke på at musikken kan, i følge somme, ha gjort at den psykiske tilstanden til dei to som utførte handlinga. Musikken som gutane var tilhengjarar av var prega av vreng, tunge riff, gitarar, bass og trommer med skjelvande og skrikande vokal. Teksta han ytrar går ofte i eitt med stilen. Radikale og augevekkande tekstar har gjeve bandet og frontfiguren eit stort tal av tilhengjarar. Det store spørsmålet i denne samanhengen er om det er denne musikken og teksten som har vore med på å gjere to menneske psykotiske og depressive, eller om det er for vagt å kunne skylde på noko slikt. Marilyn Manson snakka for dei framandgjorte, men han snakka ikkje direkte om motivasjon for mordarar, og ein må sjå på dei ulike involverte faktorane.

Ein kan seie at noko av musikken inneheld det ein kalla «incitement to violence», for eksempel då dei song «Do you love your guns? God? The government?» og ropa «Yeah!»



etter spørsmåla, men det er meint som kritikk. Problemet er at det då framleis kan føre til valdelege tankar og handlingar uansett meining. Ein kan sjå føre seg at musikken også kan ha ført til «arousal to violence», då gutane høyrde på musikken og trengde å kjenne på følelsen å vere framandgjort, og den emosjonelle verdien i musikken har ført til aggresjon og vald.

Å skyte medelevar og ein lærar har aldri vore ein bodskap i Marilyn Mansons musikk. Bandet og frontfiguren har vore eit førebilete for ungdom som føler seg utanfor, og ein gjennomgåande bodskap som bandet har ytra er at dei som føler seg utanfor skal stå opp for seg sjølve og at dei står saman. Ein kan skjønne at det er mogleg å tolke det til det ekstreme, men det er mest sannsynleg ikkje det som er meint. Marilyn Manson sine eigne erfaringar ein les om i sjølvbiografiane tilseier at han har vekse opp til å få ei mistillit til samfunnet og til religion, noko han stod veldig nær, og eit forstyrra syn på seksualitet og pornografi. Oppveksten speglast i musikken, noko som er grunnen til at dette står fram som kontroversielt.

## 5. Konklusjon

Musikk og identitet har ei sterk tilknytning. Marilyn Manson har røter i blant anna rock, punk, metal og goth, med særpreg som mørke klede, framandgjort ungdom og ytringar om seksualitet, død og ueinigheit om samfunnet. Dette vert uttrykt gjennom den hardtslåande energiske musikken. Folk som høyrer på Marilyn Manson og anna lik musikk vil ha ein felles kultur dei er ein del av, noko som følger med musikk. I denne oppgåva har eg tatt føre meg Marilyn Manson si innblanding i skuleskytinga, og korleis kunsten kan ha inspirert gjerningsmennene.

Ei tragisk hending gjorde at media og folket måtte finne ut kva som hadde inspirert til denne handlinga, og det var ikkje unaturleg då å skulle sjå etter musikken gutane hadde høyrd på. Musikkens tilknytning til identitet var mogleg eit forsøk på å finne ut korleis ein kunne «kartlegge» gutane som folk. Problemet når ein peika ut ein artist, og ikkje såg på mangfaldet var at det vart laga vrangførestillingar rundt Marilyn Manson og deira musikk.

Grunnlaget for at ein skal kunne skylde på Marilyn Mansons musikk og budskapen i den for å ha forårsaka eit masse mord er for tynt. At to gitar som går i ein artist sine t-skjorter kan verte samanlikna med eit drapsbodskap heng ikkje saman. Om dei faktisk var Marilyn Manson

tilhengarar, så har ein fortsatt ikkje bevis på ting som kva album dei eigde og kva songar dei hadde høyrd på. Å skulde på ein artist i denne samanheng er ei rask avgjerd resultert av oppspinnnet rundt saka. I kor stor grad musikk med kriminelt innhald har innflytelse er heller ikkje enkelt å kome til eins med. Det gjeld også om menneske som er tilhengarar av ein sjanger og har utført kriminelle handlingar er eit resultat av å høyre på musikken.

Dersom ein tek utgangspunkt i at gutane faktisk var tilhengarar av musikken, og hadde høyrd alle utgitte album, er det framleis ikkje noko i Marilyn Manson sin bodskap som direkte fremjar skuleskytinga, og det må ei viss tolking til for at musikken skal kunne stå fram som motivasjon til dette. Etter å ha gått gjennom tekstar og analysert album i kronologisk rekkefølge finn ein kontroversielle punkt, men ikkje noko som skal stå fram som motivasjon til masse mord. Nokon tekstar vert skrivne i eit anna perspektiv enn frå Manson sjølv. Det er då det kjem an på mennesket.

Ein kan seie at ein artist skal ta ansvar for sine egne ytringar, men det er vanskelig å skulle tilpasse musikken til eit psykotisk menneske når kunst er noko som kan tolkast på fleire vis. Menneske er ulike, og kan i somme tilfelle vere ustabile og uføreseielege. Om ein skal sensurere og forby musikk fordi menneske er ulike, må ein sensurere all musikk.

## 6. Kjeldeliste

Anderson, C. A; Carnagey, N. L; Eubanks, J. (2003). Exposure to violent media: The effects of songs with violent lyrics on aggressive thoughts and feelings. *Journal of Personality and Social Psychology*.

Bartek Kaszuba. (16. mai 2012). *Frank Zappa at PMRC Senate Hearing on Rock Lyrics* [videoklipp]. Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=hgAF8Vu8G0w>

Cadwalladr, Carole. (18. januar 2015). Marilyn Manson: «I created a fake world because I didn't like the one I was living in». *The Guardian*. Henta frå <https://www.theguardian.com/music/2015/jan/18/marilyn-manson-i-created-a-fake-world>

Chilton, Martin. (19. september 2019). The Filthy Fifteen: Censorship, Gore And The «Parental Advisory» Sticker. *uDiscoverMusic*. Henta frå <https://www.udiscovermusic.com/stories/filthy-fifteen-pmrc-censorship/>

- Cullen, Dave. (20. april 2004). The Depressive and the Psychopath. *Slate*. Henta frå <https://slate.com/news-and-politics/2004/04/at-last-we-know-why-the-columbine-killers-did-it.html>
- Dybvig, Dagfinn Døhl; Dybvig, Magne. (2003). *Det tenkende menneske: Filosofi- og vitenskapshistorie med vitenskapsteori*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Hanning, Barbara Russano. (2014). *Concise History of Western Music* (5. utg.). New York: W. W. Norton & Company
- Jackson, Robin D. (2012). Music and Crime. Miller, Wilbur R. (Red.), *The Social History of Crime and Punishment in America: An Encyclopedia*. London: SAGE Publications.
- Johnson, Bruce; Cloonan, Martin. (2009). *Dark Side of the Tune: Popular Music and Violence*. Farnham: Ashgate.
- Kulset, Nora Bilalovic. (2018). *Din musikalske kapital*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Langman, Peter (2015). *Charles Andrew Williams: Sorting Out the Contradictions*. Henta frå [https://www.researchgate.net/publication/308221653\\_Charles\\_Andrew\\_Williams\\_Sorting\\_Out\\_the\\_Contradictions](https://www.researchgate.net/publication/308221653_Charles_Andrew_Williams_Sorting_Out_the_Contradictions)
- Larkin, Ralph W. (2007). *Comprehending Columbine*. Philadelphia: Temple University Press.
- Manson, Marilyn. (24. juni 1999). Columbine: Whose Fault Is It? *Rolling Stone*. Henta frå <https://www.rollingstone.com/culture/culture-news/columbine-whose-fault-is-it-232759/>
- Manson, Marilyn; Strauss, Neil. (1998). *The Long Hard Road Out of Hell* [Kindle]. ReganBooks (HarperCollinsPublishers). Henta frå <https://www.amazon.com>
- Marilyn Manson. (1994). Spor 1: Prelude (The Family Trip). *Portrait Of An American Family*. Interscope.
- Marilyn Manson. (1994). Spor 2: Cake and Sodomy. *Portrait Of An American Family*. Interscope.
- Marilyn Manson. (1994). Spor 3: Lunchbox. *Portrait Of An American Family*. Interscope.
- Marilyn Manson. (2000). Spor 2: The Love Song. *Holy Wood*. Nothing og Interscope.
- Marilyn Manson. (2000). Spor 3: The Fight Song. *Holy Wood*. Nothing og Interscope.
- Marilyn Manson. (2000). Spor 4: Disposable Teens. *Holy Wood*. Nothing og Interscope.
- Marin, Rick. (15. november 1992). Grunge: A Success Story. *The New York Times*. Henta frå <https://www.nytimes.com/1992/11/15/style/grunge-a-success-story.html>
- Moore, Michael. (Regissør). (2002). *Bowling for Columbine* [dokumentarfilm]. USA: Alliance Atlantis og Dog Eat Dog Films

- Myrseth, Silje Haugen; Lysgård, Martine Fimland. (29. mai 2019). Kunst og musikk er forbudt. *Journalen*. Henta frå <https://journalen.oslomet.no/afghanistan-2019/2019/05/nar-selvsensur-blir-ukultur>
- New York Times. (29. september 2015). *Haunted by Columbine Retro Report Documentary The New York Times* [videoklipp]. Henta frå <https://www.youtube.com/watch?v=AUSJ6rqEWUY>
- NME. (9. mars 2001). School Killings Carried Out By Linkin Park. *NME*. Henta frå <https://www.nme.com/news/music/linkin-park-120-1388670>
- Reed, Ryan. (7. oktober 2016). Marilyn Manson's «Antichrist Superstar»: 10 Wild Stories. *Rolling Stones*. Henta frå <https://www.rollingstone.com/music/music-news/marilyn-mansons-antichrist-superstar-10-wild-stories-121825/>
- Reighley, Kurt. (2015). *Marilyn Manson* [Google Play]. St. Martin's Griffin. Henta frå <https://play.google.com/store>
- RIAA. (Henta 14. mai 2020). Recording Industry Association of America. Henta frå <https://www.riaa.com/gold-platinum/>
- Schonfeld, Zach. (10. november 2015). «Twisted Sisters». *Aftenposten*. Henta frå [http://www.aftenposteninnsikt.no/kulturtrender/twisted-sisters?fbclid=IwAR1jopFCkYjs0C49xNpr5HvX\\_OTvW3BzP4aufLwbKeyyq7MQplcGq32VO7A](http://www.aftenposteninnsikt.no/kulturtrender/twisted-sisters?fbclid=IwAR1jopFCkYjs0C49xNpr5HvX_OTvW3BzP4aufLwbKeyyq7MQplcGq32VO7A)
- Scott, Katie. (29. mars 2019). German rock band Rammstein causes outrage with Nazi imagery. *Global News*. Henta frå <https://globalnews.ca/news/5110250/rammstein-nazi-imagery-music-video/>
- Siebke, Marianne; Owe, Thomas Alvarstein. (13. april 2010). Musikkforbud i Somalia. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/kultur/musikkforbud-i-somalia-1.7077063>
- Siegel, Carol. (2005). *Goth's Dark Empire*. Bloomington: Indiana University Press
- Stutz, Colin. (6. november 2017). Marilyn Manson Responds to Criticism of Prop Gun: It Was 'Not Meant to Be Disrespectful'. *Billboard*. Henta frå <https://www.billboard.com/articles/business/9399440/tragically-hip-manager-jake-gold-gord-downie-management-trust>
- Top40Weekly. (Henta 14. mai 2020). All US Top 40 Singles For 1994. Henta frå <https://top40weekly.com/1994-all-charts/>
- Uhelszki, Jaan. (13. august 1999). Lynyrd Skynyrd Threaten Marilyn Manson With a Can of Whoop Ass. *Rolling Stone*. Henta frå <https://www.rollingstone.com/music/music-news/lynyrd-skynyrd-threaten-marilyn-manson-with-a-can-of-whoop-ass-103439/>

Vera, Amir. (3. november 2018). 2 Kentucky high school students suspended after dressing as the Columbine shooters for Halloween. *CNN*. Henta frå <https://edition.cnn.com/2018/11/02/us/kentucky-girls-columbine-shooter-halloween-costume/index.html>

Walker, John A. (1999). *Art & Outrage: Provocation, Controversy and the Visual Arts*. London: Pluto Press.

White, Cliff. (1981). Rock Shock Horror: Screamin' Jay Hawkins. *History of Rock, The*. Henta frå <https://www.rocksbackpages.com/Library/Article/rock-shock-horror-screamin-jay-hawkins>

